

Fra: Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>
Sendt: tirsdag 30. mars 2021 12:12
Til: Post Alver byggesak
Kopi: Anne Lise Molvik
Emne: Uttale: Søknad om dispensasjon gnbr 173/3 Rydland

Saka gjeld:

Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for Lindås til uttale - gnbr 173/3 Rydland
Referanse: 21/345 - 21/21424

Til

Alver Kommune
Plan og byggesak
v/Anne Lise Molvik

Eg takkar for god og oversiktleg dokumentasjon for søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for Rydland gnbr 173/3.

I min uttale vil eg gjerne komplettera med fyljande opplysningar:

1. **Areal:** Om de med "*bygd areal vert endra*" meiner att noverande bygnad vil sjå annleis ut etterpå, er det heilt rett. Det kan hende vera på sin plass her å også minna om att samla grunnareal ikkje vert endra.
2. **Nabovarsel:** Fylkeskommunen har, so langt eg kan forstå, påpeika avstanden frå hjørnet på noverande gjødselskjellar til midten av vegen er ca 6 meter, og att det difor er naudsynt med dispensasjon i frå veglova. Eg minnar om at gjødselskjellaren var fullstendig renovert for 5 år sidan. Det prosjektet vart godkjend etter søknad av Lindås kommune, og pålagde gebyr betald. Den delen av løa er difor allt reparert, og inngår ikkje i dette prosjektet. Det vart ikkje reist nokre spørsmål i den søknadsrunden gjeldande veg og dispensasjon i frå veglova. Det kan vera av interesse for dei som skal handsama denne søknaden att denne informasjonen er kjend.
3. **Bustad:** "*Tiltakshavar er ikkje busett på eigedommen, men driftar skog.*" Eg er usikker på kva dette eigentleg har med saka å gjera. Skogen er etter det mine dokument sier, ein integrert del av garden, og difor ein naturleg del av drifta. Eg ber difor kommunen gje ei grunngeving for denne formuleringa, då det kan ikkje utelukkast att eg flyttar til garden når arbeidssituasjonen tillet for det. Om bustandsspørsmålet er eit kriterium i handsaminga av saka, bør difor søknaden også informere om at den situasjonen kan endra seg.
4. **Eigen søknad til Fylkeskommunen:** Den søknaden som de nevner i brev vert denne veka send til Fylkeskommunen med kopi til Alver. I den vert det gjort nærare greie for det som er nemnd her under punkt 2.
5. **Den Trondhjemske postveg:** Set pris på att dette kom opp, då det har vore reist med Lindås kommune i fleire rundar om vegen gjennom Rydlandsgardane igjen skulle leggjast til den gamle postvegen slik att gnbr 173/3 ikkje lenger er delt på midten. Postvegen skilde gnbr 173/3 og 173/5 i frå kvarandre. Søknaden er likevel litt for knapt utforma til att den i tilstrekkeleg grad orienterer meg og koblinga til mitt noverande prosjekt, og kva rolle Fylkeskommunen har her.

Med venleg helsing,

Inge Herman Rydland

grunneigar 173/3